

Klimaendringar kan gjeva veksevilkår til nye fruktslag

Grunna den korte og kjølege vekstsesongen i Noreg, er handelsdyrkinga innan frukt avgrensa til eple, pære, plomme og søtkirsebær. For søtkirsebær kan me langt på veg dyrka dei same sortane som resten av verda. Men for særleg eple og pære kan me berre dyrka det som vert kalla sommarfrukt, og har tidleg modning i land som ligg sør for oss i Europa.

Tekst: Mekjell Meland, NIBIO Ullensvang

Klimaendringar med auka temperatur og lengre vekstsesong har også positive sider. Meir kravfulle vekstrar kan dyrkast og biodiversiteten aukar. For tida vert druer (bord og vin), fersken, nektariner og aprikoser stort sett berre dyrka i småhagar. Men det er unntak der aprikoser vert dyrka kommersielt og likeins vindruer.


Moderne dyrkingsteknikkar i dag tek i bruk plast-tunnelar der gjødsling og vatning vert styrt med presisjon. På denne måten kan ein forlengja vekstsesongen og unngå skade av ekstremver som t.d. mykje nedbør eller kjøleg ver under blomstringa. Ved NIBIO Ullensvang har det tidlegare vore gjort forsøk med utprøving av både ulike aprikos-, fersken- og nektarinsortar på friland. Det er nærmare 20 års forsøks erfaring med å dyrka søtkirsebær i tunnel ved NIBIO Ullensvang som no er vorte den rådande dyrkingsforma i Noreg og mange andre land.

Føremålet med dette prosjektet var å greia ut dyrkingsopplegg for druer (bord og vin), fersken, nektariner og aprikoser under norske dyrkingsvilkår. Ulike sortar er vurderte og dyrkingsteknikken er omtala.


Kviklys, D., O. Frøynes and M. Meland. 2023. *Introduction of new fruit crops to Norway*. NIBIO Report 9(34) 2023. 34 sider
<https://hdl.handle.net/11250/3055383>

Samandrag

Klimaendringar gjer at nye vekstslag som vert dyrka lenger sør i Europa, og krev høgare veksttemperatur, kan verta introduserte og dyrka kommersielt i dei klimatiske beste fruktdyrkingsområda i Noreg. Dette vil auka biodiversiteten i hagebruksproduksjonen og gjeva fleire vekstslag å velja i for fruktdyrkarane. Fram til no er det avgrensa røynsle med å dyrka meir varme-



krevjande fruktarter i Noreg. Føremålet med dette prosjektet var å sjå på vilkåra for å introdusera dei nye fruktartene druer (bord/vin), fersken, aprikos og nektariner. Prosjektarbeidet er tufta på litteraturanalyser, spørjeundersøking hjå dyrkarar og forskarar og informasjon frå vitjingar til dyrkarar og forskingsinstitutt i Noreg, Sverige, Latvia og Litauen. På grunnlag av desse kjeldene kan ein slå fast at vindruer og aprikoser kan dyrkast i området med det beste lokalklimaet i Noreg. Men borddruer, fersken og nektariner er meir kravfulle å dyrka. Aktuelle sortar av desse artene som eignar seg til kommersiell dyrking eller utvida prøving i sortsforsøk er vurderte.



Rettleiingsprøvinga i frukt – ein ny rapport om plommesortar

NIBIO Ullensvang har ansvaret for den offentlege rettleiingsprøvinga i frukt i Noreg med årleg finansiering frå Landbruks- og matdepartementet. Målsettinga er å få dokumentert kva sortar som har dei beste dyrkingsegenskapane for norske tilhøve. For tida har NIBIO Ullensvang sortsprøvningsfelt innan eple, pære, plomme og søtkirsebær.

Tekst: Mekjell Meland, Darius Kviklys og Oddmund Frøynes, NIBIO Ullensvang